

NORDDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKLALLING

---

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmann

### Medlemene av Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Onsdag, 02.10.2019 kl. 10.00 på Norddal rådhus**

### SAKLISTE:

Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. august 2019.

Sak 15/19 - Revisjonsrapport 2018 Norddal kommune.

Sak 16/19 - Orientering om Fjord kommune ved prosjektleiar Karl Andre Birkhol.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post : <mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no>

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

## **Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. august 2019.**

### **KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE**

### **MØTEBOK**

Møtedato: 27. august 2019

Møtestad: Rådhuset i Norddal kommune kl. 11.00

Møtet vart leia av: Solveig Linge Stakkestad.

Elles til stades: Turid Aspehjell og Paul Fredriksen (vara)

Meldt forfall: Gudmund Relling

= 3 voterande

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

---

### **Sak 11/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 22. mai 2019.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 22. mai 2019 blir godkjent.

---

### **Sak 12/19 - Innstilling på val av revisjonsordning og revisor for Fjord kommune etter 1. januar 2020**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. august 2019

Det blei opplyst i møtet at Møre og Romsdal Revisjon SA blei skipa i Kristiansund fredag 23. august 2019. Kontrollutvalet valde derfor å stryke setninga i innstillinga punkt 2 som lydde: «...så framt selskapet blir stifta som planlagt».

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak som innstilling til Fjord fellesnemnd:**

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for Fjord kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Fjord kommune.

## **Sak 13/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 20. august 2019

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet i Norddal kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

---

Møtet var slutt kl. 11.35

Solveig Linge Stakkestad  
nestleiar  
(sign.)

Turid Aspehjell  
medlem  
(sign.)

Paul Fredriksen  
varamedlem  
(sign)

## **Sak 15/19 - Revisjonsrapport 2018 Norddal kommune.**

**Vedlegg:** Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Norddal kommune, datert september 2019.

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet skal halde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjøre dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhold i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapen, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimsrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

### **Innstilling til vedtak:**

Norddal kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

Mottakarar:  
Norddal kontrollutval

Rådmannen i Norddal kommune

Vår dato:  
September 2019  
Deres dato:

Vår referanse:  
Deres referanse:

## Rekneskapsrevisjon 2018 – Norddal kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2018 for Norddal kommune.

Vår oppgåve er i første rekke å gje ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærmare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

### Periodisering variabel lønn

Dette har ikkje blitt gjennomført for 2018. Det blir føresett at dette blir ordna i 2019.

### Overføringsområdet

Overføringsområdet er eit område som omfattar mange ulike slag av både inntekter og utgifter. Av overføringsinntektene er rammetilskotet og skatteinntektene dei vesentlegaste. Tar ein med eigedomsskatten utgjer dette ca. 80% av samla overføringsinntekter. Skatt og rammetilskot blir i hovudsak kontrollert i samband med årsoppgjeret. Dette kan enkelt kontrollerast mot eksterne oppgåver.

Også momskompensasjonen vil vere ein vesentleg del av overføringsinntektene. Denne blir kontrollert fortløpende gjennom året. Refusjon som gjeld ressurskrevande brukarar er og ein vesentleg post. Denne blir kontrollert i samband med årsoppgjeren.

Overføringsutgiftene inneholder overføringer både til næringslivet og ulike organisasjoner. Meirverdiavgifta,-som er motposten til momskompensasjonen vil vere den største enkeltposten. Kjøp av konsesjonskraft er også ein vesentleg post, og desse to til saman vil utgjere ca. 55% av overføringsutgiftene. Av tilskot til organisasjoner vil overføring til kyrkja vere den største enkeltposten. Overføringsutgiftene blir kontrollert gjennom året. Det er ikkje notert vesentlege feil på området.

#### Rutiner for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Bakgrunnen her er ein førespurnad frå revisjonen der vi bad om å få sendt over dei skriftlege rutinar ein måtte ha innafor desse områda.

##### *Pasientmidlar*

Vi har motteke rutinar over oppbevaring av brukaren sine lommepengar og bruk av desse. Kommunen kan på visse villkår vere behjelplig med å oppbevare og forvalte pasienten sine lommepengar, og vil føre rekneshap for den enkelte sine lommepengar. Rutinane beskriv punktvis korleis dette skal gjerast og kven som er ansvarleg.

I samband med kommunesamanslåinga mellom Norddal og Stordal vil det bli utarbeidd nye rutinar for handsaming av midlar for brukarar innan pleie og omsorg.

##### *Byggjesakshandsaming*

Tilbakemeldinga frå kommunen tyder på at det ikkje ligg føre noko særleg med skriftlege rutinar. Det blir vist til etiske retningslinje og den vedtekne varslingsplakaten som generelt vil ligge til grunn for saksbehandlinga.

Kommunerevisjonen har i 2019 gjennomført eit forvaltningsprosjekt som omhandlar byggjesaksbehandlinga i kommunen. Også denne indikerer at skriftlege rutinar i stor grad manglar. Slik vi har forstått det vil denne rapporten vere eit godt grunnlag for utarbeidning av gode rutinar for den nye Fjord kommune.

##### Rullering kontroll av vederlagsbereking for opphold i institusjon

Vi har testa etterbereking av vederlag for langtidsopphold i institusjon for 2017. Etterberekinga skal gjennomførast etter at skatteoppgjeren er ferdig. Vi gjennomførte testing i desember i 2018, og meiner at rutinane fungerer godt.

Med helsing

Knut G. Alnes  
oppdragsansvarleg revisor

## **Sak 16/19 - Orientering om Fjord kommune ved prosjektleiar Karl Andre Birkhol.**

### **Bakgrunn:**

*Frå kontrollutvalets møtebok 3. oktober 2018:*

*16/18 - Orientering om arbeidet med Fjord Kommune v/Rådmann Karl A Birkhol.*

*Rådmann Karl A Birkhol ga ein lysarkpresentasjon av arbeidet med etablering av nye Fjord kommune.*

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande og vil invitere rådmann tilbake til kontrollutvalet for å følgje det vidare arbeidet med Fjord kommune.*

---

På bakgrunn av den informasjonen som no er forventa å verte nærmere belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærmere orientering frå prosjektleiar/rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat